

Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 22.01.2018
Møtestad: Rådhuset
Møtetid: 15.00 - 18.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Morten Stokke		Utvalsleiar
Thea Risøy		Nestleiar
Cathrine Høgquist		Medlem
Tobias Frette		Medlem
Thomas Vågenes		Medlem
Rolf-Thorarinn Heum		Medlem
Benedicte Hopsdal		Medlem
Vilde Tenfjord		Medlem
Marie Kleiven		Varamedlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Julian Gjesdal Nesse		Medlem
Konstancja Parafianowicz		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Moe – Kommunalsjef, Robert Lorang Hansen – Ungdomskoordinator

Sakliste

Saknr	Tittel
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møteprotokoll
003/18	Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017 - 2027
004/18	Studietur Ungdomsråd
005/18	Symjeopplæring i grunnskulen i Lindås
006/18	Ny 1. gangs handsaming - E39 Knarvik senturm - oval rundkøyering - planID 1263-201702
007/18	Ungdomsmidlane - Søknad frå Whatever Heimhug

001/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Innkalling og saksliste vert vedteke, samrøystes.

LUR - 001/18 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent.

002/18: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Møteprotokoll for møte 12-12-2017 vert godkjent, samrøystes.

LUR - 002/18 VEDTAK:

Møteprotokollen 12-12-2017 er godkjent.

003/18: Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017 - 2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017 -2027 blir vedtatt slik den ligg føre.

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet er nøgde med at dei våren 2017 vart inkludert i referansegruppa knytt til seg planprosessen. Ungdomsrådet opplever difor at høvet deira for medverknad har vore ivaretatt. Ungdomsrådet hadde ein relativt stor utskifting av medlemmar sommaren 2017, samstundes vart sekretærfunksjonen overført frå Eileen Feste til Robert Lorang Hansen ved kultureininga. Ungdomsrådet skulle ynskje at framlegg til kommuneplan vart presentert for ungdomsrådet i november 2017, i samband med høyringsperioden. Då ville det vore akutelt for ungdomsrådet å gå litt djupare inn i planen.

Ungdomsrådet har difor ingen uttale til sjølve kommundelplanen, men berre ei uttale til sjølve planprosessen.

Ungdomsrådet og sekretær for ungdomsrådet har no innarbeidd nye rutinar som sannsynleggjer at ungdomsrådet i framtida i større grad vil vera på rett på plass til rett tid.

LUR - 003/18 UTTALE:

Ingen merknader.

004/18: Studietur Ungdomsråd

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet ynskjer å reisa på studietur, i form av ein dagstur, ein gong mellom vinterferien og påskeferien.

Vekedag må verta måndag, tysdag eller onsdag.

Ungdomsrådet ynskjer ein tur der dei kan sjå nærare på temaet "integrering".

Ungdomsrådet vil at sekretær undersøker høva for å få til ein tur til Oslo, Gøteborg eller København.

Dersom dagstur til Oslo vert aktuelt, er det òg eit ønske om å vitja stortinget. Kanskje ein polititar har tid til å seia noko om integrering?

Målet med turen er blant inspirasjon til å gjennomføra eigne tiltak i Lindås kommune, som kan betre integreringen.

LUR - 004/18 UTTALE:

Ungdomsrådet gjev sekretær i oppgåve å laga forslag til studietur som har integrering som tema. Turen bør gjennomførast ein gong mellom vinterferien og påskeferien.

005/18: Symjeopplæring i grunnskulen i Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune held fram med kartlegging av elevane sine symjeferdigheiter etter 4.trinn.
2. Levekårsutvalet får ei orientering om status etter kartlegginga som er gjort skuleåret 2017/18 hausten 2018. Orienteringa skal også synleggjere korleis skulen følgjer opp elevar

på 5.-10. trinn som ikkje har tilfredsstillande ferdigheiter i symjing, samt tiltak som er sett i verk for å sikre eit meir likeverdig symjetilbod i kommunen.

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Orientering til saka ved kommunalsjef - Kristin Moe.

Ungdomsrådet opplever det som uheldig at mengd timar med symjeopplæringa varierer så stort mellom dei ulike skulane i kommunen. Der t.d. Ostereidet barneskule tilbyr symjing kvar veke for 1.-4. klasse, er det berre 4. klasse på Lindås barneskule som får tilbod.

Ungdomsrådet kunne tenkja seg å sjå resultatane av kartleggingane i spesielt 4. trinn. Er det t.d. ein samanheng mellom mengd timar med symjeopplæring og elevanes kompetanse i symjing?

Ungdomsrådet er samd i å prioritera undervisning til dei yngste elevane først. Ungdomsrådet meiner samstundes at alle elevar må få tilbod om det same mengda timar med symjeopplæring .

Ungdomsrådet meiner difor at så lenge du er elev i Lindås kommune, så skal du få det same tilbodet uansett kva for ein del av kommunen du bur i.

For ungdomsrådet er det opplagte beste tiltaket for å nå ein slik målsetting å gjera noko med tilgjenget til symjebasseng. Altså å investera i nytt/nye symjebasseng som sikrar betre tilgjenge for alle.

Som eit alternativt tiltak bør Lindås kommune innføra ein ordning som ein finn i t.d. Radøy kommune, der elevane ved Sæbø skule har utvida skuledag dei dagane dei har symjing, for å sikra at ikkje undervisningstid går tapt i transporttid. Slik at ein på den måten sikrar lik symjeopplæring til alle.

Framlegg frå Ungdomsrådet:

Ungdomsrådet meiner at alle elevar i Lindås kommune skal få tilbod om like mange timar med symjeopplæring, uavhengig av om dei bor her eller der.

Undervisningstid som går tapt på grunn av transporttid, bør kompenseras med ein utviding av skuledagen dei aktuelle dagane. Kompetanse i symjing er viktig i ein kystkommune som Lindås!

Framlegget vart vedteke med 7 røyster mot 1 røyst (Thomas Vågenes).

LUR - 005/18 UTTALE:

Ungdomsrådet meiner at alle elevar i Lindås kommune skal få tilbod om like mange timar med symjeopplæring, uavhengig av om dei bor her eller der.

Undervisningstid som går tapt på grunn av transporttid, bør kompenseras med ein utviding av skuledagen dei aktuelle dagane. Kompetanse i symjing er viktig i ein kystkommune som Lindås!

006/18: Ny 1. gangs handsaming - E39 Knarvik senturm - oval rundkøyning - planID 1263-201702

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge opphavleg planframlegg (også omtalt som *alternativ 1*) til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøyning med planID 1263-201702, ut til offentlig ettersyn.

.....

11.01.2018 PLAN- OG MILJØUTVALET

Orientering til saka v/Marit Mienna frå firma Norconsult

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (Sæbjørg H. Kjeka-Krf)

Fellesframlegg frå H og Frp v/T. Larsen-H:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge planframlegg alternativ 2 til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøyning med planID 1263-201702, ut til offentlig ettersyn.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (H, Frp)

Fellesframlegg frå Ap, Krf og Sp v/H. Brunborg-Ap:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge planframlegg alternativ 1 og 2 til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøyning med planID 1263-201702, ut til offentlig ettersyn.

Framlegg vart vedteke med 6 røyster (Ap, Krf, Sp)

PM - 006/18 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge planframlegg alternativ 1 og 2 til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøyning med planID 1263-201702, ut til offentlig ettersyn.

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet meiner at Lindås kommune først og fremst må sikra at barn og unge kan ferdest trygt i Knarvik sentrum. Uavhengig av om dei nyttar bein eller andre fremkomstmidler. Dette vert best ivaretatt av alternativ 1.

Rådmannens sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 7 røyster (mot Thea Risøy).

LUR - 006/18 UTTALE:

Ingen merknader.

.....

007/18: Ungdomsmidlane - Søknad frå Whatever Heimhug

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Ungdomsrådet godkjenner søknaden frå Whatever Heimhug.

Ungdomsrådet ber om at Whatever Heimhug sender ein orientering til Ungdomsrådet i august, der dei orienterer litt om kva dei har lært av kursa og samstundes orienterer litt om kursa dei sjølv har halde lokalt i Lindås kommune.

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet er glade for å ha motteke søknad på ungdomsmildene. Ungdomsrådet likar godt at det her er fokus på ein aktivitet som det frå før ikkje er spesielt godt tilbod i kommunen.

Ungdomsrådet skal bruka ungdomsmidlane til å støtta tiltak som vil betre oppvekstmiljøa i kommunen. I denne sammeneheng er det difor avgjerande at det her er målsettinger om å byggja opp dansemiljøa, og dessutan å dela dansekompetansen i nærmiljøa.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LUR - 007/18 VEDTAK:

Ungdomsrådet godkjenner søknaden frå Whatever Heimhug.

Ungdomsrådet ber om at Whatever Heimhug sender ein orientering til Ungdomsrådet i august, der dei orienterer litt om kva dei har lært av kursa og samstundes orienterer litt om kursa dei sjølv har halde lokalt i Lindås kommune.

008/18: Møleplan vår 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Ungdomsrådet følgjer same møteplan som Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, gjennomfører møte i måndagane i same veke. Alle møta startar 15:30, serveringa av mat frå 15:00.

Forslag:

Måndag 5. mars

Måndag 23. april
Måndag 21. mai
Måndag 11. juni
.....

22.01.2018 UNGDOMSRÅDET

Møteplan med endringar vart samrøystes vedteke.

LUR - 008/18 VEDTAK:

Ungdomsrådet vart samde om følgjande møteplan:

Måndag 5. mars kl 15:30

Onsdag 18. april kl 14:30

Onsdag 16. mai kl 14:30

Onsdag 6. juni kl 14:30
